



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokn

Protokoll frå møte i

Askvoll sokneråd

Tid: Tysdag 17.03.2026 kl. 17:30-19:00

Stad: Møterom, Askvoll kyrkjekontor

Møtande medlemmer og varamedlemmer:

Wenche Ness Gabrielsen	Leiar
Terje Mork	Nestleiar
Arnt Johny Langeland	Medlem
Lillian Gjervik	Medlem
Frida Melvær	Medlem
Jarle Magnus Vilnes	Medlem
Oddgun Grane	Medlem
Dag Erlend Grane	Medlem
Ragnhild Stav	Medlem
Karen Anny Espedal	Varamedlem
Vidar Kaland	Varamedlem

Forfall:

Synnøve Melvær	Medlem
Gro Eikebø Stang	Medlem
Jostein Gryte	Medlem

Møtande frå administrasjonen:

Rune Ziener	Kyrkjeverje
-------------	-------------

Saker:

Saksnr	§	Sakstittel	Sakshandsamar
SR 2026/07		Godkjenning av innkalling og dagsorden	Rune Ziener
SR 2026/08		Godkjenning av protokoll frå møte 14.01.2026	Rune Ziener
SR 2026/09		Skriv, meldingar og drøftingar	Rune Ziener
FR 2026/10		Årsrekneskap og årsmelding 2025	Rune Ziener
FR 2026/11		Budsjettjustering 2026	Rune Ziener

Askvoll, den 17.03.2026

Rune Ziener
referent

SR 2026/07 Godkjenning av innkalling og dagsorden

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og sakliste slik dei ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og sakliste slik dei ligg føre.

SR 2026/08 Godkjenning av protokollen frå møte 14.01.2026

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 14.01.2026.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møte 14.01.2026.

SR 2026/09 Skriv, meldingar og drøftingar

UTGREIING

Følgjande skriv, meldingar og drøftingar var framme i møtet:

M 02/2026	Tilbakemeldingar vedkj. parkeringsplass ved Vilnes kyrkje.
M 03/2026	Kyrkjelydspedagogstillinga
M 04/2026	Fasteaksjonen – roder

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek skriv, meldingar og drøftingar til orientering.

FR 2026/10 Årsrekneskap og årsmelding 2025

UTGREIING

Det skal, etter forskrift om økonomiforvaltninga for sokn i Den norske kyrkja § 12 (1), kvart år utarbeidast årsrekneskap og årsberetning for soknet. Etter 2. ledd er det soknets organ sjølv som skal vedta sin rekneskap og vedtaket «*må angi disponering av regnskapsmessig mindreforbruk eller dekning av regnskapsmessig merforbruk*».

Etter § 17 (1) skal rekneskapen «*være framlagt innen 22. februar i året etter regnskapsåret. Årsregnskapet og årsberetningen fastsettes av soknets organer og undertegnes av valgt leder og daglig leder der det finnes, innen 20. mars.*»

Årsrekneskapen for 2025 viser eit meirforbruk i driftsrekneskapen og udekka beløp i investeringsrekneskapen, og inndecking skal som hovudregel etter 7. og 8. ledd skje det året rekneskapen vert lagt fram.

Driftsrekneskapen	Meirforbruk	45.615,90
Investeringsrekneskapen	Udekka	8.178,53

Inndecking

Det står igjen kr 44.691,- i disposisjonsfondet som kan brukast fritt.

Dette kan dekke det meste av meirforbruket i drift.

Resterande kan ein dekke inn t.d. med redusert pensjonsutgift i 2026 (sjå eiga sak om budsjettjustering).

Dekking av underskotet i investeringsrekneskapen kan ein ta med bruk av delar av inntekten ved sal av minilastar, som skal bokførast i investeringsrekneskapen (sjå eiga sak om budsjettjustering).

Forslag til inndecking:

DRIFTSREKNESKAPEN

Dekning av tidl. års rekneskapsmessige meirforbruk	35300.200.08900.000.0	45 616
Bruk av disposisjonsfond	39400.200.08900.000.0	-44 616
Pensjonsinnskott KLP	30903.200.04100.000.0	-925
Sum		0

INVESTERINGSREKNESKAPEN

Dekning av tidl. års rekneskapsmessige meirforbruk	45300.200.08900.000.7000.0	8 179
Sal av driftsmidlar	46600.200.04300.000.1024.0	-8 179
Avsett til ubunde fond	45400.200.04300.000.1024.0	8 179
Bruk av ubunde fond	49400.200.08900.000.7000.0	-8 179
Sum		0

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek årsrekneskap og årsmelding 2025 slik dei ligg føre.
2. Inndecking av meirforbruk/udekka i investeringsrekneskapen skjer i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek årsrekneskap og årsmelding 2025 slik dei ligg føre, med dei korrigeringar i årsmeldinga som var framme i møtet.
2. Inndekking av meirforbruk/udekka i investeringsrekneskapen skjer i samsvar med forslaget frå kyrkjeverja.

FR 2026/11 Budsjettjustering

UTGREIING

Budsjettjustering - drift

Sal av driftsmiddel

I budsjettvedtaket for drift 2026 er det budsjettert inntekt på kr 150.000,- for sal av minilastaren soknet har hatt sidan 2018. Dette er ei feil føring av slik salsinntekt, i og med at sal av anleggsmidlar (inntekter av uvanleg og vesentleg karakter) skal førast som inntekt i investeringsrekneskapen (sjå økonomiforskriften § 13 (2) pkt. b).

Ein manglar såleis kr 150.000,- for å balansere driftsbudsjettet når ein tek ut denne inntekta av drifta. Det er vanskeleg å dekke inn med fleire kutt i enkeltpostar, då ein allereie har føreteke større kutt her for å få budsjettet i balanse. Alternativt kan vere:

Reduserte pensjonsutgifter 2026

KLP har varsla at tilføring til premiefondet vil vere høgt også i 2026 slik som i 2025. Kyrkjeverja har hatt ein gjennomgang med pensjonsrådgivar i KLP for å sjå på tal og estimat for 2026.

Soknet ligg inne med ein «buffer» på kr 296.000,- i premiefondet, og alt over denne bufferen vert brukt til ordinær premieinnbetaling og reguleringspremie.

Pr. 01.01.2026 er saldo på premiefondet kr 440.000,-, og ein vil få om lag kr 260.000,- tilført fondet i rekneskapsåret. Pr. i dag ligg ein altså an til å ha om lag kr 404.000,- å bruke til pensjonspremie før premie vert belasta driftsrekneskapen. Anslag på pensjonsutgiften er i 2026 kr 515.000,- der altså ein stor del av utgiften vert dekkja med bruk av premiefondet.

KLP meiner ut frå tala at det er rom for å både finansiere dei manglande kr 150.000,- for å balansere driftsbudsjettet samt å auke «bufferen» i premiefondet inneverande rekneskapsår opp til kr 400.000,-. Med justeringsforslaget nedanfor vil det framleis vere kr 211.000,- igjen i driftsbudsjettet til å dekke innbetaling av pensjonspremie i 2026.

Det får ingen budsjettmessig konsekvens å auke opp bufferen, men rekneskapen vert belasta med høgre pensjonskostnad enn om ein skulle brukt meir av premiefondet.

Stemming av flygelet i Askvoll kyrkje

Flygelet har ikkje vore stemt sidan 2022. Det bør stemmast no på våren. Det er kr 7.544,- i restmidlar igjen av innsamla midlar på «flygelfondet» i Askvoll.

Pianostemmar opplysar at det vil koste om lag kr 2.400,- med stemming.

Justeringsforslag - drift

Sal av driftsmidlar	36600.200.04300.000	150 000
Pensjonsinnskot KLP	30903.200.04100.000	-85 000
Pensjonsinnskot KLP	30903.200.04200.000	-47 000
Pensjonsinnskot KLP	30903.200.04300.000	-16 000
Pensjonsinnskot KLP	30903.200.04432.000	-2 000
Anna forbruksmaterieill, råvarer og tenester	31200.200.04200.000	2 400

Bruk av bunde fond (Flygel Askvoll spes. 7022)	39500.200.04200.000	-2 400
Sum		<u>0</u>

Budsjettjustering - investering

Sal av minilastar (prosjektnummer 1024)

Salet skal bokførast som prosjekt i investeringsrekneskapen.

Ein får truleg ein betre pris enn forutsett i budsjettvedtaket. Salsinntekt kan ein stipulere til kr 260.000,-.

Salsomkostningar er annonsering og service før sal.

Annonsering	41400.200.04300.000.1024	1 000
Serviceavtalar og reparasjonar	42400.200.04300.000.1024	19 000
Avsett til ubunde fond	45400.200.04300.000.1024	230 000
Sal av driftsmidlar	46600.200.04300.000.1024	-250 000
Sum		0

Vilnes kyrkje – parkering (prosjektnummer 1005)

Prosjektet vart nedbudsjettert mot slutten av 2025 med tanke på rebudsjettering i 2026. Dette ville forutsette oppfinansiering med kr 300.000,- ut over allereie vedteke løyving frå Askvoll kommune på kr 200.000,-, altså til totalt kr 500.000,- til prosjektet (trinn 1).

I budsjettprosessen 2026 søkte soknet om slik oppfinansiering, men ein fekk ikkje dette i kommunen sitt budsjettvedtak.

Grunna manglande finansiering tok ein difor ikkje inn prosjektet i budsjett 2026.

Om gitt løyving på kr 200.000,- (frå 2024/2025) opplyser kommunen at:

«Dersom eit prosjekt er starta opp eller blir starta opp i på følgande år rebudsjetterer vi (overfører til nytt år), men dersom prosjektet ikkje blir starta opp av ulike grunnar som for eksempel manglande finansiering blir det ikkje rebudsjettert. Dersom prosjektet blir tatt ut pga manglande full finansiering, må det søkast på ny til kommunen. Denne løyvinga vart løyvd 2024 og rebudsjettert til 2025. Soknet kan søke om auka løyving, men kan ikkje rekne med å få det innvilga da økonomien til kommunen er så dårleg. Vi rebudsjetterer investeringsprosjekta før tidlegast ved årsavslutninga og årsmeldinga blir skriven»

Når ein no kan få inn nye midlar etter sal av minilastaren, kan ein komme nær opp til estimert prosjektkostnad (trinn 1) med midlane her i tillegg til tidlegare løyving, om ein brukar desse til Vilnes-prosjektet. Prosjektkostnaden er eit estimat, og det ligg ikkje føre nokon kostnadsrekning på enkeltelement i oppsettet.

Ein bør prøve å komme i gong med dette prosjektet i 2026 og sikre finansiering av dette.

Aktuelle alternativ kan vere (evt. ein kombinasjon av-):

-tilleggsloyving frå Askvoll kommune

-innsamla midlar

I justeringsforslaget er desse lag inn med kr 35.000,- kvar, for å ha eit utgangspunkt:

Vedlikehald, byggeteneste, nybygg,	42300.200.04200.000.1005	400 000
------------------------------------	--------------------------	---------

Konsulenttenester	42700.200.04200.000.1005	50 000
Grunnerverv	42800.200.04200.000.1005	50 000
MVA	44290.200.04200.000.1005	113 000
MVA-komp	47290.200.04200.000.1005	-113 000
Tilskot frå kommunen	48300.200.04200.000.1005	-235 000
Gåver og innsamla midlar	48600.200.04200.000.1005	-35 000
Bruk av ubunde fond	49400.200.04200.000.1005	-230 000
Sum		0

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek budsjettendringar i drifts- og investeringsbudsjettet for 2026 slik dei ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.
2. Ein søker Askvoll kommune om ekstra tilskotsmidlar for å sikre finansiering av parkeringsplassen ved Vilnes kyrkje.
3. Ein set i gong ein innsamlingsaksjon for gåvemidlar for å sikre finansiering av parkeringsplassen ved Vilnes kyrkje.
4. Premiefondet i KLP vert styrka i 2026 med auke av innskotsbeløpet til bruk av alt over kr 400.000,- (frå 296.263,-).

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek budsjettendringar i drifts- og investeringsbudsjettet for 2026 slik dei ligg føre i forslaget frå kyrkjeverja.
2. Ein søker Askvoll kommune om ekstra tilskotsmidlar for å sikre finansiering av parkeringsplassen ved Vilnes kyrkje.
3. Ein set i gong ein innsamlingsaksjon for gåvemidlar for å sikre finansiering av parkeringsplassen ved Vilnes kyrkje.
4. Premiefondet i KLP vert styrka i 2026 med auke av innskotsbeløpet til bruk av alt over kr 400.000,- (frå 296.263,-).